

Kulturhistoriske registreringar

Sogndal kommune, Reguleringsplan for Esefjorden bru
gbnr. 318/1, 310/5 mfl.

Rapport nr. 51, 2021.

| | | | |
|--|--|-------------|----------------------|
| Kommune: | Sogndal | | |
| Gardsnamn: | Bale, Gjerde, Grøneng | | |
| Gbnr: | 318/1, 310/5 mfl. | | |
| Tiltakshavar: | Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg | | |
| Adresse: | Askedalen 4 6863 Leikanger, org. Nr. 923722424 | | |
| Namn på sak: | Reguleringsplan for Esefjorden bru | | |
| Saksnummer: | 2020/48529 | | |
| Registrering utført: | 21 og 24.09.2021 | Ved: | Glenn Heine Orkelbog |
| Rapport utført: | 28.09.2021 | Ved: | Glenn Heine Orkelbog |
| Askeladden id | | | |
| Automatisk freda kulturminne i området: | 0 | | |
| Nyare tids kulturminne i området: | 0 | | |

Bakgrunn for saka

Fv. 55 er utsett for skred i Esefjorden. Balestrand kommune vedtok i 2017 at dette skal løysast ved å bygge ei bru mellom Storesva og Presthola. Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg lagar no ein reguleringsplan for tiltaket.



I samband med reguleringsplanarbeidet er fylkeskommunen pålagt å undersøke om planen kan råke ved automatisk freda kulturminne jf. undersøkingsplikta i kulturminnelova § 9. I slik samanheng er det stilt krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv er forvaltingsmynde og gjennomfører registreringa.

Registreringa vart gjennomføra den 21 og 24.09.2021. Det er ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

To dagsverk er nytta på feltarbeid og eit dagsverk på før og etterarbeid.

Området



Ovanfor tv. plankart/kommunedelplan og undersøkingsområde th.

Planlagd bruoverføring skal krysse Esefjorden frå Storesva i Sør mot Grøneng og Gjerde i nord. Områda er i kommunens arealdel regulert til LNF område, småbåthavn/anna byggeområde og bustadføremål.

Sørsida, Storesva

Storesva sida i sør er tettast utbygd med fleire bustader som ligg på rekkje på begge sider av fylkesveg 55. Bustadnene ligg i all hovudsak på nedsida og på nordsida av fylkesvegen forutan bustaden på gbnr. 310/126 som ligg ovanfor fylkevegen.

Terrenget består av bratt nordleghellande skråning som flatar ut noko når ein kjem ned mot fjorden.

På sørsida av fylkesvegen består terrenget hovudsakleg av granskog og ein aust/vest gåande kraftlinjetrase som ligg i eit bratt og kuppert terreng bestående av blokkmark og rasmasser.

Område på nedsida av fylkesvegen er i all hovudsak utbygd og består av frittstående bustader med kringligjande hagar og naust nede ved fjorden. Enkelte lommer av gamal, no attgrodd slåttemark ligg att mellom husa (gbnr. 310/5).

Det er registrert eit SEFRAK bygg i område på gbnr. 310/109 SEFRAK bygg er bygningar som er hundre år eller eldre. Alle tiltak som kan medføre endring på SEFRAK-registret bygg skal leggjast fram for fylkeskommunen til vurdering.

Nabobygget i aust på gbnr. 310/81 er den freda bygningen Heimdalstrand med uthus. Huset er ein del av kunstrakolonien i Balestrand og vart sett opp av den tyske målarinna Emma Normann. Huset er rikt dekorert i drakestil og vart freda i 2019.




Ovanfor tv. SEFRAK bygg markert med raud trekant, det freda bygget m. uthus, Heimdalstrand er markert med gul trekant. Th. fredingsavgrensinga til Heimdalstrand.

Nordsida, Grøneng og Gjerde

Terrenget på nordsida består av bratt sørleg hellande terreng som flatar ut når ein kjem ned mot fjorden. Vegetasjonen består av tett varmekjær lausvskog iblanda ein del eldre frukttré. Frukttréa tydeleggjer at område er del av eit eldre kulturmiljø knytt til gardane Grøneng og Gjerde, og har opphavleg vore frukthagar og slåttemark.


Nede ved fjorden i Gjerdsviki har det opphavleg vore eit naustmiljø. Det er tunet på Gjerde (gbnr. 318/1) og eit bruk i Presthola gbnr. 317/6 som kjem tettast på planlagd bru.

Det er registrert seks SEFRAK bygg i område. til vurdering.



Ovanfor, SEFRAK bygg markert med raud/gul trekant.

Tidlegare registreringar og funn i området



Det er ikkje tidlegare kjend automatisk freda kulturminne frå undersøkingsområde i samband med planlagd bruframføring.

Frå munningen av Esejorden, på Tjugum i nord og i Balestrand i sør kjenner vi til førhistoriske kulturminne i form av:

Tjugum, Id. 55447, steinalderlokalitet. Ligg ca. 125 m NV for kyrkja i dyrka mark i skråning mot SO. Frukhagen ovanfor. Her er utsyn over Sognefjorden og over Esefjorden mot Balestrand sentrum.

Tjugum id. 60466, nausttuft. Tufta viser seg som eit søkk i terrenget vinkelrett på strandlina. Lengderetninga er ONO-VSV. Nordre veggvoll er tydeleg, medan søre veggvoll må liggja under veggen som går ned mot kaia. Nordre veggvoll er ca. 2 m brei. Tufta er 14 m lang og ca. 6 m brei.

Tjugum id. 45745, gravrøys. Røysa er ca. 7 m i tvn. og 0,8-0,9 m høg. Ho er bygd av rundkamp av varierende storleik - opptil manns lyft. Røysa er delvis omrota. Inngrep i austre del, der stein er fjerna. 2 m frå røysfoten (mot O) ligg eit pumpehus. Røysa er delvis torvgrodd og tilvaksen med lauvtre.

Tjugum kyrkjestad id. 85636. TJUGUM, gnr. 19 Tjugum (Tjugum sogn). Eldste omtale av kirken er i 1323 (Fiugu kirkiu, DN V:69). Nåværende kirke står på (gnr. 19) Tjugum, innunder fjellsida i innerkant av det lille Tressneset, i kanten av tunet. Den eldste kjente kirken var en stavkirke som i 1610 ble erstattet av en liten tømmerkirke – i alle fall om man skal ta en innskrift over inngangsdøra ("1610") som byggeåret. Kirken ble i 1686 oppgitt med målene 16,5x13 alen (skipet) og 8,5x10,5 alen der det største målet er bredden (koret). I tillegg hadde den et vesttårn bygd inntil skipet og et våpenhus vest for tårnet. I 1696-98 ble det bygd til et sakristi (10x7 alen der lengden var størst) øst for og inntil koret. I 1863 ble nåværende kirke vigslet, en tømmerbygning der skipet har åttekantet grunnplan, i tillegg til en forhall i vest og et kor med sakristi i øst (Laberg 1934:160ff). Det er uvisst hvorvidt begge nykirkene ble reist på samme tuft som stavkirken, men kirkestedet har hele tiden vært det samme. Kirken mangler i BK selv om sognet er nevnt flere ganger (BK 50a-b, 51b). Muligens er dette en indikasjon på at

Tjugum da fortsatt var utenfor Kirkens råderett. Ca. 1600 lå Tjugum som anneks til hovedkirken på Leikanger (JBB 134ff). Noen titalls meter vest for kirken ligger tre spredte rester av et større gravfelt. (Kildegjennomgang til registrering av middelalderkirkegårder av NIKU ved Jan Brendalsmo, RA sak 06/02235-69)


Frå Balestrand sida kjenner vi til ein steinalderlokalitet id. 66705 som ligg på, gbnr. 310/167, 178, 243 og 244.

Lenger inn Sognefjorden frå Dragsvik kjenner vi til fleire steinalderlokalitetar og gravfelt/gravminne frå bronsealder/jernalder.

Informasjon om kulturminna og deira plassering akn ein finne i fylkesatlas.no eller på kulturminnesok.no

Undersøkinga

Nordsida, Gjerde – Presthola



Kartet ovanfor syner opna sjakter og prøvestikk/punkt.

Område på nordsida av Esefjorden vart undersøka ved maskinell sjakting, overflateregistrering og ved graving av prøvestikk.

Graving av søkesjakter med gravemaskin er eigna til å påvise førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor og gravminne i dyrka mark. Metoden vart nytta i det flate terrenget på oppsida av fylkesvegen mellom Gjerde og Presthola. Tre sjakter vart opna med ei lengd frå 25 – 35 meter. Breidda var på 2,5 til 3 meter.

Sjaktene følgjer fylkesvegen og ligg alle orientert mot aust/vest.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i nokon av dei tre sjaktene. Massane består av eit 25-55 cm tjukt fint lys brun matjordlag over lys sand/silt (undergrunn). Grev ein seg gjennom sanden kjem ein ned på fuktig leirehaldig masse over berg.

Djupna i sjaktene varierer frå 0,4 meter ned mot ein meter i djupna.

Sjaktene inneheld spor etter moderne inngrep i form av dreneringsgrøfter og røter etter frukttre. Område har tidlegare vore nytta som frukthage.

I den austlege og nordlege delen av undersøkingsområde er terrenget for bratt til at område kan undersøkast maskinelt. Denne delen vart overflaterregistrert supplert med graving av prøvestikk.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i prøvestikka eller ved overflaterregistrering. Massane i prøvestikka er i all hovudsak homogen og inneheld dei same matjordsmassane som er funne i sjaktene. Noko som underbyggjer inntrykket av at område i all hovudsak har fungert til slått og som frukthage.



Ovanfor frå venstre, sjakt A, B og C sett mot aust.




Lagdeling sjakt A

10 cm vegetasjonsdekke over 60 cm lys brun grus og sandhalig masse som vert gradvis mindre grushaldig og finare korna mot botnen.

Lys sand og silt. Ispedd flekkar med gråleg leirehaldig masse.

Etterreformatoriske kulturminne



Lengst nordaust i undersøkingsområde mot tunet på Gjerde ligg det eit fint kulturmiljø som består av fleire eldre oppmura vegfar, ryddingsrøys og ein klopp. Vegen er den opphavlege gardsvegen mellom Gjerde og Grøneng. Kulturmiljøet er synleggjort med raud farge på laserdatablete ovanfor. Samtidig ser ein restane av frukthagar og slåttemarkar som er det større kulturmiljøet vegfara opphavleg har inngått i. Frukthagane og slåttemarkene er no i hovudsak tilgrodd.

Etterreformatoriske kulturminne er viktige kjelde til opplevinga av og forståinga av vår nære førhistorie.



Ovanfor tv. klopp over vegfar (UTM: 32V0367397/6789572) Th. Ryddingsrøys og vegfar sett mot vest (Utm:32V0367350/6789565).

Sørsida, Storesva





På sørsida av fjorden er det opne område på gbnr. 310/5 undersøka ved graving av prøvestikk. Prøvestikka vart vass-sålda. Metoden er særleg eigna for å gjere funn frå steinalderen.

Det vart grava 11 prøvestikk, syna på kartet ovanfor. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i nokon av prøvestikka.

Område på oppsida av fylkesvegen er overflateregistrert. Terrenget er bratt og består hovudsakleg av rasmassar. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda eller nyare tids utmarkskulturminne i dette område.

Konklusjon

Det er ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor undersøkingsområde i samband med plan for bru over Esefjorden.

Det er registrert eit etterreformatorkulturmiljø bestående av eldre vegfar, ryddingsrøys, ein klopp og eldre frukthagar på Gjerde. Kulturmiljøet ligg tett på tunet på Gjerde.

Med helsing

Glenn Heine Orkelbog

Fagleiar, feltarkeologi


Seksjon for kulturarv

Avdeling for Kultur, idrett og inkludering



Tlf: 415 30 612

www.vlfk.no



vestlandfylke.no